


Snart er ho her att!

19.01.2015



Lovande strålar mellom Englafjell og Manen

Snart er ho her att! Kven skriv vi om? Sjølsagt sola, den livgivande stjerna som vi kan takka for at vi er til. No har ho vore borte frå delar av Uskedalen i 2 månader og det er mildt sagt at ho er etterlengta.



Lovande sol på Skorpo

I dag har vi fått ein lovande opptakt til kva vi har i vente.

Sola kjem att på varierende stader og tidspunkt og i dag har vi sett lengselsfullt mot Skorpo og konstatert at det meste av øya har vore bada i sol.

Vi som bur lengst ute på Neset må vente til tysdag på den fyrste solglytten som kjem i skaret mellom Englafjell og Manen. Han varar ikkje så lenge, men han er der og så aukar det på etterkvart. Når han kjem, har sola vore vekk hos oss sidan 22. november.

Dei som det verkeleg er grunn til å misunna er dei som bur lengst oppe i dalen. Dei har ikkje mørketid i det heiletatt og har 2 timar sol på det minste. Skjønt misunna??.....Dalbuarane har andre ulempar - til dømes snøfallet som dei opplevde i helga.

Tekst, foto og nett:Ola Matti Mathisen